



Øystre Slidre kommune



1.tertial rapport 2025

Framlagt av kommunedirektøren 13. mai 2025

10 på topp hovudprioriteringar

Økonomiplanen utgjør handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel. I arbeidet med å nå visjonen om at fleire skal få oppleve rein naturglede vil kommunestyret leggje følgjande konkrete mål til grunn, jf. samfunnsdelen av kommuneplanen:

- Innbyggartalet skal haldast på dagens nivå og minst auke med 1% i året i gjennomsnitt.
- Tal deltidssinnbyggjarar skal auke med minst 1 % i året.
- Tal gjestedøgn skal doblast innan 2035.

Dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i planperioden 2025-2028 følger nedanfor. Utviklingsområda er ei oppfølging av samfunnsdelen av kommuneplanen, og vil verte prioritert av formannskapet, administrasjonen og for bruken av utviklingsmidlar i planperioden. Kommunestyret blir med dette orientert om arbeidet knytt til desse 10 høgast prioriterte områda ved 1. tertial 2025:

Vi skal vera ein attraktiv arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, og skal redusere sjukefråværet med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023.

Sjukefråværet er første tertial det lågaste vi har hatt i same periode dei siste fem åra (ned 1,4 prosentpoeng frå 2024). Om vi skal samanlikne med målet om tre prosentpoeng ned sidan 2023, er talet likevel berre 1,1 prosentpoeng lågare enn første tertial 2023. Fråværet har gått ned på alle dei største tenestemråda. Vi gjennomførte medarbeidarkartlegginga 10-faktor i mars i heile organisasjonen, og er no i ferd med å gå gjennom resultata på einingane. Dette er eit godt verktøy for å arbeide med arbeidsmiljøet og medarbeidarutvikling.

Vi skal gjennomføre tiltaka i plan for rekruttering.

Kommunestyret vedtok i februar plan for styrka rekruttering. Vi er allereie godt i gang med å gjennomføre fleire av tiltaka i rekrutteringsplanen. I tillegg til tiltaka i planen deltek to medarbeidarar på eit omfattande kurs i KS-regi om strategisk rekruttering.

Vi skal i planperioden gjennomføre tiltaka i oppvekstplanen som gir barn og unge ein trygg og god oppvekst i kommunen.

Dei fleste tiltaka i oppvekstplanen er gjennomført eller sett i prosess. Som nytt i 1.tertial 2025 har vi publisert foreiningsportalen på nettsida til kommunen. Den lokale fritidskassa skal bidra til å dekke kostnader til organiserte fritidsaktivitetar for barn og unge som står i fare for utanforskap på grunn av økonomi. Ordninga har vore tilgjengeleg for lag og foreningar eitt par år, men ikkje brukt. Vi har i 1. tertial fått inn to søknader. Begge frå Vestre Slidre idrettslag. Tilskotsordninga varer ut 2025 og vi ser no på andre måtar å nytte tilskotet på for å få støtte effekt for barn og unge.

Ei av helsesjukepleiarane har meldt seg på sertifisering innanfor Tidleg innsats for barn i risiko (TIBIR). Vi vil då få to helsesjukepleiarar med denne kompetansen.

Tiltak/deler av tiltak i planen som ikkje blir vurdert som gjennomførbare i planperioden 2023-2026 er:

- barnehagane vurderer at ein eigen plan for særleg språkopplæring ikkje er naudsynt no
- det er ikkje auka med miljørettleiarar på skulane, men to av skulane har innanfor eigen ramma fått til deler av tiltaket
- vi har ikkje eitt ressursteam for å bistå direkte inn i heimane.

Vi vil innan 2026 greie ut verknadene av mogleg endra skolestruktur, med vekt på verknad for læringsmiljø, læring og lokalsamfunn. Vi skal sikre brei medverknad frå FAU, tilsette m.fl. i arbeidet.

Det er gjennomført informasjonsmøte med alle tilsette i skulen, alle tre FAU-ane i grunnskulen, samarbeidsutvala i grunnskulane og dei kommunale råda. Vidare plan for å utarbeide prosjektplan i 2025:

Arbeid med prosjektplan	apr	mai	juni	juli	aug	sept	okt	nov	des
Informasjonsarbeid									
Utarbeide fyrste utkast til prosjektplan									
Prosjektplan ut på høyring									
Revidere prosjektplan									
Prosjektplan til kommunestyret									

Vi skal i løpet av 2025 revidere arealdelen av kommuneplanen og i den samanhengen ta i bruk arealrekneskap som metode i arealforvaltninga.

Arealdelen av kommuneplanen har vore på 2. gongs høyring med høyringsfrist 24. februar. Det har kome inn 64 høyringsinnspel i denne høyringsrunden. Desse er no til handsaming i administrasjonen. Det ligg føre 20 motsegn, 19 frå Statsforvaltaren og ei motsegn frå Mattilsynet. Vi har hatt møte med Statsforvaltaren og Mattilsynet med sikte på å løyse motsegnene, og vi har meldt tilbake konkrete forslag til løysingar på desse. Mattilsynet har munnleg stadfesta at motsegna er løyst. Vi skulle få tilbakemeldinga frå Statsforvaltaren til påske, men tilbakemeldinga er no varsla i løpet av første halvdel av mai. Som følgje av lang sakshandsamingstid hjå Statsforvaltaren vil sak til kommunestyret om arealplanen ikkje kome før til hausten.

Vi skal i løpet av 2026 gjere ferdig friområdet Furustrand som sentral møttestad, aktivitets- og friluftsområde for alle, uavhengig av funksjonsnivå.

Vi har lagt ut på anbod utbetring av tilkomstveg i samsvar med vegnormalen. Frist for å gje tilbod er 16. mai. Vi legg til grunn at alle anleggsarbeider med vegen kan skje juni i år.

Vi har arbeidd mykje med planlegging og prosjektering av bryggeanlegget i betong slik det går fram av prospekt og søknad sparebankstiftinga. Kostnadsnivået på eit slikt anlegg er pr. no kalkulert til å koste meir enn det som ligg i budsjettet. Vi ser difor på andre løysingar i andre material (stål / aluminium og tre) Det er vårt håp at vi kan bygge dette anlegget etter badesesongen i år (september). Bryggeanlegget må vere på plass før vi kan bygge badstua. Også det reknar vi med skal kunne byggast før vinteren setter inn.

Kiosk og lagerbygg er i utgangspunktet eit prosjekt for gjennomføring i 2026, men vi vurderer om det er mogleg å få fundamentert bygga i haust. Då står vi friare om dette kan gå som vinterarbeid tidleg 2026.

Vi skal i løpet av 2026 vedta ein strategi for areala og bygningane på Løken gard og bidra til høg aktivitet ved nasjonalt senter for fjellandbruk.

Vi vil lage strategien for areal og bygningar på Løken etter at arealdelen av kommuneplanen er vedteken. Nasjonalt senter for fjellandbruk fekk ny dagleg leiar i april, Juliana Bonin. Senteret vil bli trekt inn i arbeidet med arealstrategien for Løken gard, og dagleg leiar er difor orientert om status i arbeidet. Vi drøfter også med dagleg leiar korleis kommunen og senteret i lag kan bidra til høg aktivitet ved senteret.

Vi skal aktivt ønske velkomen nye arbeidsplassar og ta positivt i mot nye initiativ, der vi ser moglegheiter og ikkje begrensingar. Vi skal heie på alle eksisterande arbeidsplassar og bidra med legge til rette og sjå moglegheiter.

Alle som tek kontakt med kommuneadministrasjonen med forslag om sikring eller utviding av eksisterande verksemd eller etablering av ny verksemd vert ønske velkommen og følgd opp.

Vi vil ved revidering av ny arealdel av kommuneplanen sikre at nye område til næringsføremål. Vi har inngått avtale om overtaking av grunn for utviding av næringsområde på Raudbrøtmoen og vil varsle oppstart av reguleringsplan for dette området. Dette er særst viktig for etablerte verksemder på næringsområde å kunne utvide arealet sitt der, samstundes som vi får næringsareal å tilby for verksemder som vil etablere seg i kommunen.

Vi vil i 2025 gjennomføre ei undersøking om næringsvenleg kommune som del av eit regionalt prosjekt i Valdres. Undersøkinga vil gå til næringsdrivande, politikarar og medarbeidarar i administrasjonen. Undersøkinga vil gje eit grunnlag for å utvikle næringsarbeidet regionalt og lokalt.

Vi samarbeider med Valdres Næringshage for utvikling av eksisterande verksemder og etablering av nye verksemder. Får vi spørsmål om etablering av ny verksemd, opprettar vi dialog med Valdres Næringshage, som tek tak i det som går på sjølve etableringa, medan kommunen føl opp i høve plassering av verksemda og ev. utbyggingar. Vi planlegg eit møte med Næringshagen for å kunne skape eit endå betre opplegg for dette, slik at vi nyttar kvarandre på best mogleg måte.

Vi skal invitere til Rein naturglede gjennom m.a. å:

- **vera det best tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå**
- **sikre finansiering av fellesgode som stiar og løyper mv. gjennom selskapet Beitostølen Fellesgoder AS.**

Arbeidet med å utvikle Beitostølen og Øystre Slidre til det best tilrettelagde reisemålet i Noreg held fram med auka kapasitet i 2025. Arbeidet er organisert gjennom prosjektet INKLU, med deltakinga frå Beitostølen Helse- og idrettsenter, Beitostølen Utvikling, Visit Valdres, Valdres Natur- og Kulturpark og kommunen. INKLU har fått nasjonal merksemd, og vart kåra som det beste prosjektet i 2024 innfor nettverket av Berekraftige reisemål i Noreg.

Vi har etablert ei pilotgruppe med 10 verksemder i kommunen og i Valdres som vil utvikle god tilrettelegging i eiga verksemd. Oppstartsmøte er gjennomført og arbeidet med å avklare ambisjonsnivå, utfordringar og behov er godt i gang. Vi skal teste verktøykassa for tilgjengelegheit i pilotverksemdene og støtte og motivere alle verksemder i å identifisere og prioritere tilretteleggingstiltak. Vi har utarbeidd

verktøy for kartlegging av tilgjengelegheit på produktnivå og utvikla ein database som skal hjelpe verksemdar i arbeidet med tilrettelegging.

Tilrettelegging av stiar og løyper vil få særleg merksemd framover. Vi jobbar med å identifisere traséar som kan tilretteleggast etter prinsipp for universell utforming, og med å finne finansieringsløyningar utvikling og drift av dess i samarbeid med Beitostølen Fellesgoder.

INKLU har bidrege til auka kompetanse og engasjement i kommuneadministrasjonen og blant reiselivsaktørar. Det er søkt om midlar for å vidareføre arbeidet i 2026, med mål om å implementere tiltaksplanen i tett samarbeid med næringslivet.


Vi tok initiativet til vidareutvikling av selskapet Beitostølen Fellesgoder AS, BFG 2.0-prosessen, og deltek aktivt i det arbeidet, med sikte på vidareføring og auke av fellesgodefinansieringa. I denne prosessen vil BFG også vurdere eigarsamansettinga i selskapet i samsvar med aksjonæravtalen. Det vil også bli vurdert om Beitostølen utvikling skal inngå som ein del av BFG.

Vi skal i lag med idrettslaget, stadionselskapet og Beitostølen Fellesgoder AS i løpet av 2024/2025 lage ein plan for utvikling og drift av sti- og løypenettet på Beitostølen og ein plan for Beitostølen stadion som gjev auka bruken av stadionområdet gjennom heile året.

Vi har i 2024 vore tilretteleggar for etablering av Beitostølen sti- og løypedrift AS, og selskapet har i 2025 kome i aktiv verksemd med løypedrifta. Trass i krevjande forhold med lite snø, har løypeproduksjonen vore god for selskapet. Kommunen har planlagt og prosjektert utbygging av gangveg/fortau frå Bygdinvegen ned til Beitostølen stadion, inkl. parkeringsplass og tilkomst til stadion. Tiltaket vil i nær framtid bli lagt ut i marknaden. Betre tilkomst og betre parkering ved Beitostølen stadion vil legge til rette for auka bruk heile året.

Sjukefråvær

Kommunen hadde første tertial eit sjukefråvær på 10,5 %. Dette er det lågaste nivået for første tertial dei siste fem åra (ein nedgang på 1,4 prosentpoeng frå 2024):



Økonomirapportering drift

For 2025 har kommunen budsjettet med å tære på ordinært disposisjonsfond med 6.827`. Budsjettet er gradvis stramma inn dei siste åra, noko som inneber mindre reservar/slakk og høgare risiko for meirforbruk når uføresette ting skjer.

Enkelte område varslar prognosert meirforbruk i 2025, jf. omtale nedanfor. Vi reknar også med enkelte meirinntekter – dette gjeld m.a. kraft. På kraftområdet skal eit ev. mindreforbruk setjast direkte på kraftfond (jf. vedteke kraftforvaltningsreglement), og ikkje finansiere ordinær drift. Vi må difor finne andre innsparingar og meirinntekter for å finansiere dei meirforbruka vi trur kjem. Det er vanskeleg no å sjå ekstraintekter eller større innsparingar. Ut frå erfaring frå tidlegare år kan det likevel bli enkelte innsparingar og meirinntekter som vi ikkje ser før året er omme. Vi har foreløpig tru på at årsresultatet samla sett kan ende omtrent i balanse.

Vi gjer merksam på at rekneskap og budsjett ikkje er periodisert i særleg grad, og resultatet gjennom året gjev ikkje eit representativt bilde av status. Ved tertialrapportane vurderer vi om det er vesentlege prognoseavvik for året på dei ulike område, og desse er kommentert nedanfor.

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Budsjett hiå. 2025	Regnskap hiå. 2025	Budsjett 2025	Årsprognose	Prognose årsavvik	
Sum generelle driftsinntekter	-79 188	-83 749	-316 878	-319 078	2 200	✓
Avskrivningar	8 026	0	32 115	32 115	0	✓
Motpost avskrivningar	-8 026	0	-32 115	-32 115	0	✓
Netto finansutgifter	9 888	9 124	39 567	39 567	0	✓
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-3 792	0	-15 149	-15 149	0	✓
Til disposisjon	-73 092	-74 624	-292 461	-294 661	2 200	✓
Politisk leing og kontrollorgan	378	763	3 059	3 059	0	✓
Kommunedirektør felles	1 127	796	8 502	8 502	0	✓
Stab	4 856	7 848	18 531	18 531	0	✓
Felles opplæring og kultur	1 730	1 665	6 867	6 867	0	✓
ØSUS	4 336	4 424	15 720	15 720	0	✓
Rogne skule	4 859	5 096	17 827	18 227	-400	!
Lidar skule	4 707	5 665	16 989	17 089	-100	!
Rogne barnehage	4 069	4 269	14 880	14 880	0	✓
Beito barnehage	2 087	2 267	7 536	7 536	0	✓
Private barnehagar	1 580	2 703	6 324	6 324	0	✓
Kulturavdelinga	2 715	2 135	10 399	10 399	0	✓
Integreringstenesta	378	4 380	0	0	0	✓
Felles helse og omsorg	5 701	4 617	22 375	22 375	0	✓
Helse og tilrettelagde tenester	10 624	12 079	39 858	40 558	-700	!
Førebygging og meistring	10 376	9 699	39 523	40 023	-500	!
Institusjonstenester	9 607	9 792	36 449	36 949	-500	!
Felles tekniske tenester	29	5	118	118	0	✓
Teknisk drift	10 287	12 325	39 660	39 660	0	✓
Næring plan og byggesak	3 114	4 996	11 975	11 975	0	✓
Kraftforvaltning	-2 754	-7 574	-11 021	-11 021	0	✓
Pensjon mv. felles	-3 626	-48	-13 109	-13 109	0	✓
Sum disponering	76 179	87 902	292 461	294 661	-2 200	!
Merforbruk +/mindreforbruk -	3 087	13 278	0	0	0	!

Generelle inntekter

Prognose for 2025 viser noko nedgang i skatteinntekter og rammetilskot i forhold til budsjettert, anslagsvis 2,2 mill.kr. Fordi vi foreløpig har tru på at kommunen kan lande om lag på budsjett, er prognosert meirforbruk dei ulike stader lagt inn att her med eit uspesifisert mindreforbruk på 4,4 mill. for å saldere prognosen. Sum prognoseendring for «Sum generelle inntekter» blir dermed ei auke på 2,2 mill.kr.

Kommunedirektør - fellesområde

Kraftforvaltning vil truleg få eit betre overskot enn budsjettert for året, men prognosane er svært usikre så tidleg på året.

KLP kjem med oppdaterte prognosar seint i mai. Det er knytt stor usikkerheit til denne, då det foreløpig ikkje har vore avklara prognosar / finansiering for ny del i den nye pensjonsordninga, AFP livsvarig.

Når det gjeld lønn samla for kommunen, ser dette ut til å ligge omlag på budsjett per 1.tertial.

Felles opplæring og kultur

Det er mindreforbruk for heile området felles opplæring og kultur pr 1. tertial, men det er forventa at det vil endre seg i løpet av 2025 og at vi landar om lag på budsjett. Når det gjeld interkommunale samarbeid, har vi ikkje fått rapport frå vertskommunen per 1. tertial, og har lite grunnlag for å vurdere økonomisk status no.

Rogne skule

Viser meirforbruk på ca. 400`, som kan bli vanskeleg å dekke inn, knytt til:

- Ein flytta heimel frå Lidar - fram til 01.08.25.
- Mindre refusjon av sjukepengar enn budsjettert (refusjon er høgt budsjettert, men i år har det vore mindre sjukefråvær).
- Meirforbruk på kontoane for kurs/opplæring og skyss til symjing.

Lidar skule

Lidar skule har eit meirforbruk der anslagsvis 100`. Dette skuldast i hovudsak mindre sjukepengerefusjon enn budsjettert, grunna vesentleg reduksjon i sjukefråvær 2025 enn lagt til grunn i budsjettet. Dette er likevel ei gledeleg utvikling. Skyss ligg litt over budsjett, som følge av heimkøyring etter norskundervisning for flyktningar på ØSUS tre dagar pr veke.

Integreringstenesta

Integreringstenesta melder om mogleg meirforbruk i 2025, i hovudsak grunna:

- Inntektene frå staten vil kunne bli noko lågare enn budsjettert, fordi vi ikkje fekk fylt opp alle plassane i fjor, og dermed blir integreringstilskotet i 2025 ca. 778` lågare. Utgiftene blir ikkje tilsvarende lågare i 2025 som følge av færre busetjingar, då ein stor del av utgiftene er faste (løn mv.). I 1. kvartal 2025 har det ikkje vore busetting. Vi har framleis tru på at vi i løpet av året 2025 får busetting av så mange som vedtaket seier, og at inntektene for 2025-busetjingar vil bli om lag på budsjett.
- Vi ser i forhold til rekneskap i fjor at vi har spara pengar på å kjøpe og drifte eigen bil, men ikkje like mykje som vi hadde rekna med. Det skuldast at behovet for transport har auka sidan førre skuleår. Dette handlar om at vi sender deltakarar på grunnskule for vaksne til Leira, og at det ikkje passar med kollektivtransport.
- Andre veggen går at vi har litt lågare utgifter til m.a. tolketenester. Det skuldast delvis at det så langt i år har kome færre busetjingar, og dels at vi har arbeidd aktivt med å få ned desse kostnadene.

Flyktingtenesta samla for kommunen er budsjettert med netto avsetjing til flyktingfond (eige disposisjonsfond) med 1.120`. Eit ev. meirforbruk på området i 2025 vil redusere denne avsetjinga.

Felles helse og omsorg

Kommunen deltek i ei rekke interkommunale samarbeid innan helse og omsorg. Vi har ikkje fått rapport frå vertskommunen per 1. tertial, og har lite grunnlag for å vurdere noko anna enn at vi landar om lag på budsjett.

Under tildelings- og bustadkontor ser økonomien ut til å bli i tråd med budsjett – under føresetnad at kommunen i løpet av 2.tertial får busetjingar av flyktningar i tråd med vedtak for 2025.

- Foreløpig har det vore høgare netto utgifter til husleige enn budsjettert. Bakgrunnen for meirforbruket er vedtak om ytterlegare busetting av 25 flyktningar (inntil 35) i 2025. I tillegg har turnusområda innan helse og omsorg hatt fleire vikarar med behov for husvære i arbeidsperiodane. Tenesta arbeider aktivt med å overføre leigetakarar til private leigeforhold der dette er mogleg. Målsettinga er at vi kan avvikle inntil 5 bueiningar vi leiger i løpet av 2025, noko som vil gje reduksjon i utgiftene. Situasjonen fyrste kvartal er at kommune har større tomgangsleige enn siste halvår 2024. For å unngå unødig tomgangsleige har vi meldt alle bustadane inn til IMDI med mål om så rask busetting som mogleg. I tillegg har vi klart å huse alle vikarar. Husleigeinntekter dekker ikkje fullt ut alle innleigeutgifter, straum og kommunale avgifter for alle bustader.

Helse og tilrettelagde tenester

Tilrettelagde tenester er omlag på budsjett, når ein tek omsyn til refusjonar som vil koma inn etterskotsvis. Bl.a. vil kommunen i 2025 få vel 700` i tilskot for å kompensere for høge utgifter til ressurskrevjande brukar 2024 (i tillegg til ordinært krav for 2025).

Legetenesta vil truleg få eit visst meirforbruk (anslagsvis 300`), i hovudsak fordi det er auka utgifter til innkjøp av medisinar og forbruksmateriell pga. auka prisar. Det er også foreløpig noko lågare eigenbetalingsinntekter enn budsjettert.

Vi må også vente eit meirforbruk på 400` på innleige av lege på legekontor og helsepersonell på Brennebakkin i sommar. Det er vanskeleg å rekruttere vikar utanom bemanningsfirma.

Førebygging og meistring

Tenesta ligg ann til eit visst meirforbruk lønn grunna vakansar, sjukefråvær og innleige av helsepersonell frå vikarbyrå.

Institusjonstenester

Det er meirforbruk og venta ytterlegare meirforbruk på innleige frå vikarbyrå, som følge av vakansar og fråvær. Vi har til no hatt 3 personar frå vikarbyrå. Frå 01.05.25 blir dette redusert med 1 person. Det er også venta eit visst meirforbruk på kjøkkenet grunna prisar på matvarer.

Næring plan og byggesak

Det er ca. 745` lågare gebyrinntekter i fyrste del av 2025 enn budsjettert. Dette gjeld særleg sjølvkostområde byggjesak, grunna låg byggeaktivitet. Det er for tidleg å seia om dette er ein trend som held seg ut året eller ikkje. Dette sjølvkostområdet har allereie underskot til framføring.

Kommunen har fått tilskot til eit prosjekt for «God tilrettelegging og inkludering for lokal verdiskaping». Prosjektet medfører krav til eigenfinansiering med kr 100`. Vi foreslår å finansiere dette frå bruk av eigedomsskatt (jf. vedlegg 1 til økonomiplanen), der det er rom for å flytte 100` frå budsjettet til Fellesgodefinansiering Beitostølen.

Investeringar

Per mars 2025 er det regnskapsført ein liten del av det som er budsjettert for året. Tala i tabellen viser opprinneleg budsjett og regulert budsjett inkl. rebudsjettering etter årsregnskapet 2024, som er føresett vedteken i kommunestyremøtet i juni d.å. Så langt ser det ut til at dei fleste budsjetterte prosjekta skal gå etter planen, om ikkje anna er kommentert i tabellen "Status investeringsprosjekt". Det er tidleg på året, og vi vil koma tilbake til ev. budsjettendringar ved 2. tertial.

Status investeringsprosjekt

Andre investeringer

Beløp i 1000

Investering	Status framdrift	Budsjett for året			Avvik Økonomistatus	Kommentar
		Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose årsprognose		
Andeler i KLP	Iht. plan	900	0	900	0 Ihht plan	Egenkapitalinnskot i KLP (årleg).
Bustad Bygdinvn.2175 (27/42)	Iht. plan	1 572	0	0	1 572 Mindreforbruk	Ombygging av bygget har blitt utsett på grunn av høge kostnader og behov i år for husvære av denne typen til busetting.
Furustrand ute inkl. gangveg Furustrand Heggenes	Iht. plan	5 181	51	5 681	-500 Merforbruk	Turveg, gatelys og dagsturhytte er på plass, og det er starta på arbeidet for resten av området i 2025. Kommunen har motteke tilsegn bl.a. frå Sparebankstiftelsen som vil finansiere delar av investeringane. For å betre krysset i tråd med signal fra fylkeskommunen er det prosjektert nytt kryss med kostnadsoverslag på 500`. Dette tiltaket var ikkje ein del av det opprinnelege budsjettet for Furustrand og må bli fullfinansiert av kommunen. Tiltaket er planlagt utført juni 2025. Blir fordelt og finansiert av UBA-middel mv. på slutten av året.
Infrastruktur med UBA, e-skattemiddel (hovedprosj. til fordeling)	Iht. plan	0	98	0	0 Ihht plan	
Kommunale bygg - betre nettverk kommunehuset	Iht. plan	1 200	1 091	1 200	0 Ihht plan	Arbeidet er utført, ventar på slutfaktura.
Kommunale bygg - nye energiløysingar kommunehuset /ØSUS	Iht. plan	7 094	247	7 094	0 Merforbruk	Ombygginga på ØSUS blir gjennomført sommar / haust 2025. Tilbodet vi har fått syner at opphavelag budsjettet ikkje dekker interne utgifter til lønn, prosjekteringskostnader og eventuelle uforutsette utgifter. Det må reknast med ein god del tillegg som følge av framføring i gamal / eksisterande bygningsmasse.
Kommunale områder for bustad og næring	Iht. plan	2 977	2 034	2 977	0 Ihht plan	Det er seld ei tomt i Heranglie. Det er inngått avtale om kjøp av tomt ved Beitostølen Stadion, som blir utbetalt i vår med nær 2 mill. Det er betalt gebyrer for utkjøp av festetomter i Stølsie bustadfelt. Det blir også truleg tilbakekjøp av tomt i Solhauglie.
Kommunale vegar - asfaltering o.l.	Iht. plan	800	0	800	0 Ihht plan	Asfaltering blir utført på sumaren.
Overtak./oppgrad.Finntøppvn.og gang sykkelveg Beitestølvegen Tjednbakkvegen	Iht. plan	14 197	178	14 197	0 Ihht plan	Del 1 - Tjednbakkvegen er planlagt med oppstart sumaren 2025.
Skoltefoss kraftstasjon	Forsinket	3 091	267	3 091	0 Ihht plan	Skoltefoss skal etter planen rehabiliterast etter driftsstansen som følge av uværet "Hans". Det er gjort forarbeid og planlegging, og der det er avklara med partane

Investering	Status framdrift	Budsjett for året				Økonomistatus	Kommentar
		Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose hiå	Avvik årsprognose		
Tenestebilar	Iht. plan	1 000	0	1 000	0	Iht plan	at delar skal reinsast og setjast i stand att utan større investeringar. Det har vorte sett opp rapportering til forsikringsselskapet over kva som bør inngå i forsikringsoppgjeret. Kor stor utbetalinga frå forsikringsselskap blir (etter ev. aldersfråtrekk o.l.) er ikkje avklara p.t. Kor mykje vi får i erstatning vil påverke kor mykje det vil løne seg for kommunen å koste på kraftverket. Vi ventar på økonomisk avklaring før endeleg beslutning og iverksetjing av ytterlegare rehabiliterings- og påkostningstiltak. Med i biletet teller med at kommunen fekk 5.668` frå staten til gjenoppbygging av kraftstasjonen.
Trillesti Rupetjedn	Iht. plan	156	0	156	0	Iht plan	To bilar i heimetenesta skal skiftast ut, ikkje gjennomført enda.
Uteområde ØSUS - Gapahuken	Ferdig	0	13	13	-13	Iht plan	Gjenstår skilting og noko justering av dekke.
Uteområdet ved ØSUS	Iht. plan	5 450	0	5 450	0	Iht plan	Avslutta i 2024 men ein slutfaktura kom fyrst på 2025. Meirforbruket i 2025 går mot tilsvarande mindreforbruk i 2024.
Utlån (av egne middel)	Iht. plan	6 118	6 118	6 118	0	Iht plan	Prosjektet er under prosjektering og vil bli lagt ut på anbod sumaren 2025.
Sum		49 736	10 096	48 677	1 059		Utlån til Beitostølen sti- og løypedrift AS jf. KS-75-24, kr 4.750` + 1.368`. 1.368` skal etter avtalen bli tilbakebetalt i løpet av 2025.

Selvkost

Beløp i 1000

Investering	Status framdrift	Budsjett for året				Økonomistatus	Kommentar
		Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose hiå	Avvik årsprognose		
VA -hytteområda - Finntøplie	Iht. plan	1 106	533	1 106	0	Iht plan	Gjenstår noko arbeid med overvatn-grøft, arbeidet blir slutført sumaren 2025.
VA hytteområda - Gravfjellet	Iht. plan	1 767	0	1 767	0	Iht plan	Det er gjennomført nokon grunnundersøkingar jf. klimasatsmidlane som vart tildelt prosjektet. Det er planlagt å gjennomføre fleire grunnundersøkingar og ein gjenomboring i 2025.
VA i bygda - Bygdinvegen Skogaplassen - Mørstad	Iht. plan	7 390	0	8 244	-854	Merforbruk	Prosjektet blir utført med ein "vedlikehaldstrase" på toppen av VA-traseen. Anlegget har fått førehandsgodkjenning frå fylkesvegen og prosjekteringa er utført. Det gjenstår arbeid med grunneigaravtaler før arbeidet kan leggas ut på anbod. Det er økonomisk usikkerheit knytt til lupin problematikk og omlegging av fiberkabel. Budsjettet kan verke noko lågt.
VA i bygda - Kolleberg	Iht. plan	269	1	269	0	Iht plan	Gjenstår kantstein og å setja ut nye grensemerker, ulempeerstatningar og anleggsbidrag Griug.

Investering	Status framdrift	Rev. Regnskap Årsprognose			Avvik økonomistatus	Kommentar
		Rev. bud.	hiå	Årsprognose		
VA i bygda - Nordtorp Hegge stavkyrkje	Iht. plan	1 635	118	1 635	0 Iht plan	Det meste av arbeidet er gjennomført, anlegget vart slutført i 2024, men det gjenstår noko restarbeid og fakturering, som blir utført i 2025.
VA Mellseenn vassverk (Kollstad)	Iht. plan	4 472	1 211	4 472	0 Iht plan	Søknad om konsesjon for uttak av drikkevatt er sendt til NVE for behandling, forprosjekt gjennomført. Overføringsledning frå vassbehandlingsanlegg til Kveno vart framskunda for å sikre vassforsyning til Rogne i vinter. Det hadde vore lekkasje på hovudleidinga fleire stader. Oppstart og gjennomføring 2024 og 2025.
VA mindre anlegg årleg	Iht. plan	5 000	0	5 000	0 Iht plan	Restbudsjettet blir omfordelt til VA Mellseenn Kveno i 2024. Utgifta som står her er VA Kjøk Nordtorp, vi måtte syte for å drenere nokre område på ny pga overvatt.
VA Nordtorp høgdebasseng	Iht. plan	11 986	36	11 986	0 Iht plan	Anbod utarbeida i 2024.
VA Nye Nedrefoss RA	Forsinket	21 451	261	21 451	0 Merforbruk	Forprosjekt er ferdig, ØSK ventar avklaring frå statsforvalteren på søknad om utsleppsløype. Totalprognosen har auka vesentleg etter prosjekteringsprognose. Reguleringsplan er utarbeida og klar for innsending til behandling.
VA oppgradering Ole vassverk	Iht. plan	1 690	5	1 690	0 Iht plan	Montering av ny sil og UV-aggregat blir gjort no, skal vera ferdig før haustferien. Resten blir å overføre til neste år.
VA Skistadion B. - Haugsynlie	Iht. plan	1 000	0	1 000	0 Iht plan	Noko av arbeidet med denne VA-trasen blir utført saman med Tjednbakkvegenprosjektet.
VA transportmiddel	Iht. plan	1 027	0	1 173	-146 Merforbruk	Vi har fått tilbod på bil, og det blir kjøp og levering i 2025.
VVA Heranglie	Iht. plan	-4 745	6	355	-5 100 Merforbruk	Prosjektet er i all hovudsak ferdig, men det står att litt rest-arbeid med asfaltering som blir gjort i 2025. Prosjektet vil bli sluttrapportert i 2.tertial 2025. Prosjektet viser meirkostnader som følge av: Andre grunnforhold enn forventa - lausmasser i staden for fjell har ført til lange skråningar og skjæringar langs sykkelvegen inkl. meir skogrydding og meir masser som måtte bli flytta. Mengderegulering - grøfter for stikkeleidingane var ikkje med i anbudsdokumenta. Dronebasert oppmåling av areal (arrondering). Endringar og tilleggoppdrag som rekkverk for syklande og gatelys ved ØSUS. Prisindeksregulering i henhold til kontrakten.
Sum		54 046	2 170	60 147	-6 100	

Finans-, gjelds- og kraftforvaltning

Finans-, gjelds- og kraftforvaltning

Nedanfor følger rapportering for finans-, gjelds- og kraftforvaltning, i tråd med forskrift om finans- og gjeldsforvaltning § 8.

Finansplasseringar:

Per mars 2025 har kommunen plassert midlar i:

Bankinnskot

Kr 141.822` er plassert i Sparebank 1 Hallingdal og Valdres. Det er ikkje tidsbinding på bankinnskota. Kommunen har hatt rentesats tilsvarende nibor 3 mnd + 0,25% poeng. Det vurderer vi er ei tilfredsstillande rente, med tanke på at likviditeten er plassert med svært låg risiko. Kommunen vurderer løpande kvar midla skal plasserast, der føremålet er låg finansiell risiko og høg likviditet, jf. finans- og gjeldsreglementet pkt. 2.

Langsiktige strategiske plasseringar.

Kommunen har langsiktige aksjar og andelar med bokført verdi kr 54.335`, der målsetjinga med plasseringa primært har vore strategisk eigarskap, og ikkje finansiell vinning. Vi syner til spesifikasjon i note 5 til rekneskapen for 2024.

Kommunen har og langsiktige utlån. Kr 20.000 er ansvarleg lån til Valdres Energiverk AS. Det blir betalt renter av lånet i tråd med avtale frå 2022. Rentesats er basert på Norges Banks 10-års statsobligasjonsrente, med tillegg av rentebyteavtale mot 10-års Nibor og eit risikopåslag 3,4 %-poeng. Rente ut frå dette var siste året 6,515%, og aukar til 7,24% frå 1.april 2024.

I tillegg har kommunen i 2025 utbetalt langsiktig lån til Beitostølen Sti- og Løypedrift AS med bakgrunn i kommunestyrevedtak 75/24. Lånet er vedteke at skal ha fast rente på 3,9% i lånetida (5 år). Bakgrunnen for renta var politisk vilje til at lånet skulle vera gunstig for selskapet og løypedrifta i kommunen, samstundes som kommunen får att sin rentekostnad på midla.

Det blir betalt utbytte frå Valdres Energi (1.413` i 2024, 1.500` i 2023, 1.274` i 2022). Det blir og betalt utbytte frå Innlandet Energi Holding AS (2.279` i 2024, 3.801` i 2023, 1.480` i 2022). Det vart i 2020 fastsett minimumsutbytte som blir KPI-regulert, og det vart planlagt noko auke i utbytte framover. I 2023 fekk kommunen ekstraordinært høgt utbytte som følgje av høge prisar og overskot i kraftbransjen i 2022. Bokført verdi på kommunen sin eigardel i Innlandet Energi Holding er 27.169`, jf. note 5, og utbyttet i 2024 utgjør 8,4% avkastning (mot 14% og 5,4% åra før).

Lånegjeld:

Kommunen har ved utgangen av mars 2025 ei lånegjeld på kr 492.508`. Det er ikkje teke opp nye lån så langt i 2025. Låna består av ordinære gjeldsbrevlån i Kommunalbanken, KLP Kommunekreditt, KLP Banken og Husbanken. Vi viser til note 8 i rekneskapen for 2024 og årsrapporten. Alle låna har flytande rente. Kommunen har ikkje sertifikatlån eller lån som forfell eller må refinansierast dei neste 12 månader.

Av samla lån utgjør lånegjelda for sjølvkost ca. 233.567`. Netto lånegjeld for generaløkonomien (utanom sjølvkostområda), totalt 208.538`, ligg under handlingsregelen til kommunen (43,2% av sum driftsinntekter mot mål på 50%).

Kommunen har auka avdragsplikter framover, og er også eksponert for renteauke, noko som kan gje større utfordringar med å balansere drifta. Rentenivået har auka siste par åra.

Kraftforvaltninga

Kommunen sine kraftrettar

Kommunen sine kraftrettar på omlag 54,5 gWh blir seld på kraftbørsen. Kraftrettane inneheld konsesjonskraft på 22 gWh, andelskraft på 28 gWh og eigenproduksjon i Skoltefoss på normalt 2-3 gWh i eit normalår. Etter uværet «Hans» i august 2023 vart kommunen sitt kraftverk Skoltefoss sterkt skada og stoppa opp, har ikkje kome i gang att, og det vil ut frå tilstandsrapport ta eit par år å få det sett i stand. Det vart seld 52,3 gWh i 2024, mot normalt ca. 54,5 gWh.

Vi nyttar ekstern kraftforvaltar. Kraftforvaltaravtalen har vore ute på konkurranse for 2025.

Kommunen må betale kostpris for krafta vi mottek. Prisen for ein mindre del av konsesjonskrafta blir fastsett sentralt, medan resten av konsesjonskrafta og andelskrafta blir betalt ut frå sjølvkostutrekning frå kraftprodusent. Sjølvkostprisen varierer mykje frå kraftverk til kraftverk, og avheng også i stor grad av spotpris/marknadsprisen i året og vedlikehald i det aktuelle kraftverket.

Kraftforvaltning - reglement

Kraftforvaltning skal følgje reglementet for kraftforvaltning, sist vedteke i kommunestyret i sak KS-34/22. Dette seier at kommunen i hovudsak skal selja krafta vår i spotmarknaden (utan prissikring/fastprisavtaler). Dvs. å følgje marknaden fullt ut, noko som vil kunne medføre svært store svingingar i resultat frå kraftsalet frå år til år. Vurderinga er at dette samla skal gje kommunen betre resultat over tid. Men det kan enkelte år gje minimale overskot, til og med underskot på kraftsalet. For å redusere den økonomiske risikoen til kommunen, vart det vedteke at kommunen skal bygge opp eit kraftfond, og kun nytte ein fast sum av kraftsalet i drifta kvart år (frå og med 2023).

Kraftforvaltning - resultat

Budsjettavvik: Kraftforvaltning er budsjettert inn i drifta i 2024 med 7,8 mill.kr (inkl. refusjon jf. avtale). Ev. overskytande blir sett på kraftfond. All krafta har vore seld i spotmarknaden i 2025. Foreløpige prognosar for 2025 viser eit betre resultat enn budsjettert. Prognosane for 2025 er svært usikre, då det er tidleg på året, og leveringsprisane svingar mykje gjennom heile året.

Vurdering i forhold til kommunen sitt finans-, gjelds- og kraftforvaltningsreglement:

Likviditet.

Delmål: *Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekke løpande plikter.*

Arbeidskapitalen (omløpsmiddel fråtrekt kortsiktig gjeld) utgjer 99.134` per mars. Av dette utgjer ubrukte lånemiddel 29.406`. Midla står på bankkonto, og skal nyttast til investeringar som var budsjetterte i 2024, men blir gjennomført i 2025. Akkumulert premieavvik inngår også i arbeidskapitalen, men den delen av dette som overstig premiefondet er ikkje reelle likvide midlar (20.655`). Likviditet til drift (likvide midlar minus ubrukte lånemiddel til investering minus premieavvik/premiefond) er ca. 78.479`. Vi vurderer at likviditeten er tilfredsstillande, kommunen har likviditet til å betale løpande plikter ved forfall, og kunne tole uføresette likviditetsmessige utfordringar av noko omfang.

Finansiell risiko.

Delmål: *Ved forvaltning av likvide middel og middel for driftsføremål skal det leggjast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.*

Vi har svært låg risiko på plassering av likviditeten, ved at tilnærma alt står på bankinnskot. Også gjeldsplasseringa vurderer vi det er låg risiko knytt til.

Avkastning på overskotslikviditet.

Delmål: *Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko.*

Kommunen vurderer å ha konkurransedyktige gode vilkår i bank. Rentene har vore høgare enn på lenge, etter renteauke siste par år, noko som medfører høgare renteinntekter på likvide midlar.

Avkastning langsiktige aktiva.

Delmål: *Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje ein god og langsiktig avkastning til akseptabel risiko.*

Det har ikkje vore vesentleg ledig driftslikviditet til langsiktig plassering. Vi har langsiktig strategisk utlån, der renta er langsiktig og vesentleg høgare enn marknadsrenta, og vi har og strategiske eigarpostar i bl.a. Valdres Energi og i Innlandet Energi Holding. Vi vurderer å ha god avkastning på plasseringa. Vi kan ikkje sjå vesentleg risiko med dei langsiktige finansielle aktiva.

Lågast mogleg totalkostnad for lån.

Delmål: *Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko.*

Kommunen har ikkje gjort nytt låneopptak i året. Tidlegare låneopptak er gjort etter konkurranse i marknaden. Vi vurderer å ha konkurransedyktig rente på låna.

Vi har flytande rente på låna, anten knytt til 3 mnd nibor, eller p.t. rente. Vurderinga vår er at det over tid gjev den lågaste renta, men vi blir meir eksponert for renteauke. Vurderinga har vore og er at vi har ei finansiell stilling med akseptabel risiko, og at det ikkje har vore tenleg å betale den "forsikringspremien" som ligg i å binde renta. Gjeldande rentenivå belastar kommunens økonomi ein god del, men er på eit nivå kommunen kan tole. Kostra for 2024 viser at kommunen si netto renteeksponering i 2024 gjekk litt ned, til 20,3%, som er vesentleg lågare enn kostragruppe 04 og landet (46,2% / 53,7%).

Kraftinntekter.

Delmål: *Kommunen sine kraftrettar skal forvaltast på ein måte som sikrar ei balanse mellom føreseielege inntekter og høgast moglege inntekter.*

Gjeldande reglement er følgt. Kommunedirektøren vurderer at kraftforvaltninga har vore i tråd med vedtaka som er gjort for kraftforvaltning.

Ikkje avvik i høve krav i finans-, gjelds- og kraftforvaltningsreglementet.

Kommunedirektøren meiner det ikkje er avvik mellom krav i finans-, gjelds- og kraftforvaltningsreglementet og den faktiske forvaltninga.

Langsiktig økonomisk handlingsregel for disposisjonsfond

I økonomiplanen for 2025 revurderte vi handlingsregelen /måtalet for disposisjonsfond. Blant anna for å i større grad ta omsyn til endra kraftforvaltningsreglement og aukande premieavvik/likviditetsutfordringar. Jf. omtale / vurdering i ØP-notat 3 vart det konkludert med at *disposisjonsfond utanom kraftfond skal utgjera minst 20% av sum driftsinntekter*.

Det vert lagt til grunn følgjande:

- Kraftfondet vart halde utanom, all den tid det har eigen handlingsregel. I gjeldande kraftreglement (KS-34/22) vart det vedteke at kraftfondet ikkje skal nyttast inn i drifta før det har nådd 53 mill. + indeksregulering. Dette er for å ta høgde for den høgare økonomiske risikoen kommunen har ved gjeldande forvaltningspraksis.
- Premieavvik: Disposisjonsfond må i tillegg til uføresette økonomiske utfordringar også sikre kommunen sin driftslikviditet. Den blir etter kvart meir pressa, ettersom akkumulert premieavvik, utgjer ein større og større del av fondet. Syter vi ikkje for å ha tilstrekkeleg likviditet på fondet utanom premieavviket, er det stor risiko for at vi må låne til drift, og det er ikkje tenleg for kommuneøkonomien.

Ny vurdering:

I etterkant av økonomiplanen for 2025-2028, i samband med årsoppgjeret 2024, ser vi at det er ytterlegare ein faktor som bør påverke måtalet for disposisjonsfond. Kommunen har premiefond i KLP, som kan nyttast til å betale pensjonspremie med. Premiefondet er i tråd med gjeldande regnskapsreglar *ikkje* regnskaps-/balanseført, kun opplyst om i note 9 til årsregnskapet. Per 31.12.2024 utgjer premiefondet 18.050`. Dette er altså mogleg likviditet, som også bør telje med ved vurdering av måtalet for disposisjonsfond.

Nedanfor følgjer fornya vurdering av måtalet for disposisjonsfond, der vi også tek omsyn til premiefondet:

- Jf. ØP2025-notat 3: *Disposisjonsfondet bør kunne dekke ei renteauke på 2% over fire år. Avkastning på finansformue antek ein å auke med 1%. For Øystre Slidre kommune utgjer dette i økonomiplanperioden 2025-2028 totalt 58,2 mill. kr. Det utgjer 11,55% av sum driftsinntekter (gjennomsnitt for 2025-2028). Vi skal ut frå ovannemnde ha 11,55% (58,2 mill.) på disposisjonsfond (utanom kraftfond).*
- *Dersom deler av disposisjonsfondet er øyremarka til andre føremål, bør tilrådd minimumsnivå koma i tillegg til dette. For vår kommune vil det gjelde kraftfond (teke omsyn til ovanfor) og premieavvik / premiefond. Når vi tek omsyn akkumulert premieavvik (+38,7 mill. per 2024), og premiefond (-18,05 mill. per 2024), bør vi ha ca. 78,85 mill. på fond. Det svarar til 15,57% av sum driftsinntekter i ØP-perioden.*

På denne bakgrunnen blir vår tilråding slik:

Disposisjonsfond utanom kraftfond skal utgjere minst 15% av sum driftsinntekter.

Forslag til budsjettendringar ved 1. tertial 2025

Budsjettendringar er foreslått i drift 2025 som følgjer:

- Auke driftskostnad med kr 100.000 for prosjektet «God tilrettelegging og inkludering for lokal verdiskapning (prosjekt 15221 under næring plan og byggesak).
- Redusere driftskostnad med kr 100.000 for prosjektet «Fellesgodefinansiering Beitostølen» (prosjekt 15220 under næring plan og byggesak).